

# EØS-ORGANER

## EØS-KOMITEEN

### KOMMISJONSVEDTAK

2009/EØS/69/01

av 1. februar 2006

#### om unntak for visse medlemsstatar i medhald av artikkel 3 nr. 2 i rådsdirektiv 92/102/EØF om identifikasjon og registrering av dyr(\*)

*[meldt under nummeret K(2006) 172]***(Berre den tsjekkiske, franske, italienske, polske, portugisiske og slovakiske teksta er gyldige)**

(2006/80/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 92/102/EØF av 27. november 1992 om identifikasjon og registrering av dyr<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 3 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I artikkel 3 nr. 2 i direktiv 92/102/EØF er det fastsett at medlemsstatane kan få løyve til å utelate frå lista over driftseiningar som er fastsett i artikkel 3 nr. 1, fysiske personar som held berre eitt svin som er meint for eigen bruk eller eige konsum, eller til å ta omsyn til særskilte tilhøve, så framt dette dyret før all overflytting vert underlagt dei kontrollane som er fastsette i direktivet.
- 2) Styresmaktene i Tsjekkia, Frankrike, Polen og Slovakia har bede om at dette løyvet skal gjelde for driftseiningar som held berre eitt svin, og har gjeve dei garantiane som er naudsynte med omsyn til veterinærkontroll.
- 3) Tsjekkia, Frankrike, Polen og Slovakia bør difor få løyve til å nytte dette unntaket.
- 4) Ved kommisjonsvedtak 95/80/EF<sup>(2)</sup> vert Portugal omfatta av det unntaket som er fastsett i artikkel 3 nr. 2 i rådsdirektiv 92/102/EØF om identifikasjon og registrering av dyr.
- 5) Ved kommisjonsvedtak 2005/458/EF<sup>(3)</sup> vert Italia omfatta av det unntaket som er fastsett i artikkel 3 nr. 2 i rådsdirektiv 92/102/EØF.

- 6) Dei medlemsstatane som er omfatta av det unntaket som er fastsett i artikkel 3 nr. 2 i direktiv 92/102/EØF, bør først opp i eitt einskilt vedtak.
- 7) Vedtak 95/80/EF og 2005/458/EF bør difor opphevast og bytast ut med dette vedtaket.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Dei medlemsstatane som er førde opp i vedlegget til dette vedtaket, har fått løyve til å nytte det unntaket som er fastsett i artikkel 3 nr. 2 i direktiv 92/102/EØF, på driftseiningar som held berre eitt svin.

*Artikkel 2*

Vedtak 95/80/EF og 2005/458/EF vert oppheva.

*Artikkel 3*

Dette vedtaket er retta til Den tsjekkiske republikken, Republikken Frankrike, Republikken Italia, Republikken Polen, Republikken Portugal og Republikken Slovakia.

Utfërda i Brussel, 1. februar 2006.

*For Kommisjonen*

Markos KYPRIANOU

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 36 av 8.2.2006, s. 50, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 140/2006 av 8. desember 2006 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 15 av 29.3.2007, s. 1.

<sup>(1)</sup> TEF L 355 av 5.12.1992, s. 32. Direktivet sist endra ved forordning (EF) nr. 21/2004 (TEU L 5 av 9.1.2004, s. 8).

<sup>(2)</sup> TEF L 65 av 23.3.1995, s. 32

<sup>(3)</sup> TEU L 160 av 23.6.2005, s 31

*VEDLEGG*

Medlemsstatar som har fått løyve til å nytte det unntaket som er fastsett i artikkel 3 nr. 2 i direktiv 92/102/EØF, på driftseiningar som held berre eitt svin.

Tsjekkia

Frankrike

Italia

Polen

Portugal

Slovakia

---